Fra: Naturvernforbundet i Telemark[telemark@naturvernforbundet.no]
Mottatt: 04.10.2026 10:08:22
Til: Postmottak Fyresdal[postmottak@fyresdal.kommune.no]
Kopi: redaksjon@vtb[redaksjon@vtb]; Telemarksavisa - Redaksjon[desken@ta.no]; torfi-sa@online.no[torfi-sa@online.no]; Odin Thune[o.thune@naturvernforbundet.no]; Helge Granlund[hegranlu@online.no];
Tittel: PS 45/2026-Søknad om dispensasjon gbnr. 38/18, utvalsmøte den 29.9.2026

Hei,

Vi viser til vedtak i sak PS 45/2026- Søknad om dispensasjon gbnr. 38/18 i Utvalget for plan og miljø i møte den 29.9.2026.

Av saksframlegget går det i siste setning fram under overskrifta: "Bakgrunn for saka" at saksframlegget på grunn av intern skrivefrist, er skriven før varslingsfristen er utløpt. Ifølge opplysningar vi har motteke er fristen for innspel/uttale frå naboar sett til 8.10.2026.

Dersom vi forstår dette riktig, har sakshandsaminga blitt avslutta før fristen for å kome med innspel frå naboar har løpt ut. I tillegg har det og blitt fatta vedtak før den same fristen er ute. Dette kan ein ikkje forstå anleis enn at kommunen konkluderer på førehand med at innspel og synspunkt frå dei varsla, uansett, ikkje har nokon verdi.

Dette meiner vi er sakshandsamingsfeil, jf. forvaltningslova §§16 og 17 som omhandlar henholdsvis førehandsvarsling og at ei sak skal vere så godt opplyst som mogeleg før vedtak blir fatta. Vi trur ikkje at ein intern skrivefrist har forrang foran forvaltningslova §§16 og 17.

I tillegg må sakshandsaminga i kommunen bli opplevd som arrogant.

Vi ber derfor kommunen vise berørte partar respekt ved å rette dette opp ved å gå tilbake til start. Vente til varslingsfristen er ute og så fullføre sakshandsaminga før saka så på nytt blir lagt fram for utvalet til handsaming."

Skulle kommunen velge å ignorere/ikkje ta omsyn til denne e-posten, set kommunen to strekar under at det som har med datasenteret å gjere - er «skinnprosessar». «Vedtaka» er forutbestemt!

Med helsing
for Naturvernforbundet Vest-Telemark og Naturvernforbundet i Telemark
Helge Granlund
fylkesleiar